

Årsmelding for Fitjar sokneråd 2010

Fitjar sokneråd har hatt 10 ordinære møte i tillegg til den årvisse jule-avslutninga. Det vart handsame 51 saker.

Soknerådet er samansett slik:

Roald Drønen (leiar)
Anbjørg Stjern Tvedt (nestleiar)
Svein Aarbø (skrivar)
Anne Britt Tornes
Frøydis Helen Almås
Rune Longfjeld Rimmereid
Johannes Olsen
Marit Tislavoll
Olav Johannes Oma (geistleg representant)
Nobukazu Imazu (vara for geistl. repr.)
Sigfrid Skumsnes (1.vara)
Svein Nøttveit (2.vara)
Ellinor Bergesen (3.vara)
Karvel Strømme (4.vara)
Liv Rasmussen (5.vara)

Kyrkjeverje og kyrkjelydsprest har møterett og talerett i soknerådet.

Strategiarbeid:

Det nye soknerådet hadde ei strategisamling i mars saman med Jens Meyer frå bispekontoret. Her vart det drøfta tema som:

- kva er ei kyrkjelyd?
- kva bilete har vi av kyrkja?
- kyrkjelyden sitt omdøme
- kommunikasjon, nettsider etc.

Samlinga gav oss høve til å bli betre kjent og dela erfaring og tankar om arbeidet framover.

Det er mykje godt arbeid som skjer under soknerådet sine store paraply. Gjennom året har soknerådet kontakt med dei som arbeider innanfor ulike felt som barnehagen, diakoninemnda, kyrkjelydsbladet etc. Ein gong i året kallar soknerådet inn til møte der ein får snakka om det arbeidet dei driv og utveksla tankar og erfaringar.

Barnehagen:

Barnehagen driv eit svært godt arbeid med to fulle avdelingar i Bakken. Soknerådet har god kontakt med barnehagen sitt arbeid ved at soknerådsleiar er med i styret og saman med Frøydis Helen Almås også er med i arbeidsutvalet.

Ungdomsarbeidet:

Kyrkjelydspresten er svært viktig i dette arbeidet både med konfirmantar, U-café og KRIK. Han har mange gode medhjelparar til dei ulike oppgåvene. Det er flott å sjå at mange ungdomar også er med som deltakarar i ulike gudstenester.

Temakveldar:

Gjennom året har det vore mange fine temakveldar i kyrkja med varierende innhald som konsertar, kåseri/foredrag etc. Desse kveldane har godt framme, og me ser etterkvart folk både frå Stord og Bømlo i kyrkja vår på desse kveldane. Det vitnar om interessante tema av stor verdi.

Diakoni:

Det diakonale språket når langt. Omsorg, respekt og handling fortel om Guds kjærleik på ein annan måte enn orda gjer åleine. I tillegg til turar og felles samkomer når diakoninemnda sine besøkjarar 3-4 personar kvar veke gjennom heile året.

Kyrkjelydsbladet:

Kyrkjelydsbladet er på mange måtar kyrkjelyden sitt brev til innbyggjarane i Fitjar. Her får ein innblikk i og blir kjent med det noko av arbeidet som skjer i kyrkjelyden på ulike felt gjennom omtale, reportasjar, bilete etc. I tillegg får ein invitasjon til gudstenester og andre arrangement.

Kyrkjelydsweekend:

Det er svært triveleg at kyrkjelyden (i alle fall delar av den) også kan møtast utanfor prestegjeldet sine grenser. Den årlege ski-weekenden på Helgatun var enno ein gong fullteikna. Ca. 100 personar i ulike aldrar hadde ein flott tur med snø og sol i skibakken, hyggekveld, bibeltime, gudsteneste og god tid til koseleg drøs.

I Kyrkjelova står det at "soknerådet skal ha si merksemd vendt på alt som kan gjerast for å vekka og nærja det kristelege livet i soknet..." (§ 9).

Soknerådet vil gjerne takka tilsette og friviljuge for godt samarbeid og stor innsats i 2010 og ynskja Guds signing.

Roald Drønen
Soknerådsleiar